



NOREGS HØGSTERETT

Den 4. februar 2016 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Stabel og Øie i

HR-2016-00262-U, (sak nr. 2016/61), straffesak, anke over dom:

A (advokat Sven Crogh)

mot

Den offentlege påtalemakta

sagt slik

D O M:

- (1) A vart 2. januar 2015 tiltala for to brot på straffelova 1902 § 255, jf. § 256 (post I a og I b), og for brot på verdipapirhandelleva § 17-3 andre ledd nr. 1, jf. § 9-1 (post II). Post I a gjaldt underslag av 204 000 kroner den tiltala hadde motteke til forvaltning frå B, medan post I b gjaldt underslag av 408 000 kroner motteke til forvaltning frå C.
- (2) Nord-Troms tingrett gav 14. april 2015 dom med slik domsslutning:

- "1. A, født 00.00.1976, frifinnes for tiltalebeslutningens post I a og I b.
2. A dømmes for overtredelse av verdipapirhandelleva § 17-3 andre ledd, jf. § 9-1 til fengsel i 30 – tretti – dager.

Fullbyrdelsen av straffen utsettes i medhold av straffeloven §§ 52-54 med en prøvetid på 2 – to – år.
3. A frifinnes for de fremsatte erstatningskravene.
4. Saksomkostninger idømmes ikke."

- (3) Påtalemakta anka den frifinnande delen av dommen til Hålogaland lagmannsrett, som 2. oktober 2015 gav dom med slik domsslutning:
- "1. A, født 00.00.1976, dømmes for overtredelse av straffeloven (1902) § 255 jf. § 256, sammenholdt med det forhold som er rettskraftig pådømt ved tingrettens dom, til en straff av fengsel i 10 – ti – måneder.
 2. A frifinnes for kravet om inndragning.
 3. A dømmes til å betale erstatning til C med 400 000 – firehundretusen – kroner, som forfaller til betaling 2 – to – uker etter forkynning av dommen den 7. oktober 2015."
- (4) A har anka lagmannsrettens dom til Høgsterett. Anken gjeld saksbehandlingen, straffutmålingen og lovbruken under skyldspørsmålet for den del av saka der lagmannsretten domfelte for grovt underslag.
- (5) *Påtalemakta* har gitt tilsvar og påstått anken forkasta.
- (6) *Høgsteretts ankeutval* viser til at utvalet etter straffeprosesslova § 323 tredje ledd kan avgjere ein anke utan ankeforhandling når utvalet samrøystes finn det klart at dommen heilt eller delvis bør opphevast.
- (7) Lagmannsretten fann A skuldig i grovt underslag av pengar som han forvalta for to privatpersonar. Domfellinga for underslag gjaldt eit samla beløp på 372 168 kroner. Om dette heiter det i dommen:
- "De overføringene Jørgensen gjorde til egen konto var på til sammen 372 168 kroner. Ved utmålingen legger imidlertid lagmannsretten vekt på også det øvrige beløp på 228 044 kroner som ble tapt ved aksjehandel i CMC Markets."**
- (8) Disse andre beløpa – samla 228 044 kroner – vart altså tapt ved aksjehandel. A hadde plassert desse midlane med høgare risiko enn det føresetnadene hadde vore, særleg for ein av dei to som hadde overlate pengar til han for forvaltning. Om desse midlane uttalar lagmannsretten at det "må legges til grunn aksept av risiko", men at "As fremgangsmåte og opplegget sett under ett, tilsier at hele det investerte beløp på 600 000 kroner for de to fornærmede bør telle med ved utmålingen."
- (9) Utvalet vil peike på at lagmannsretten kom til at underslaget gjaldt 372 168 kroner. Det går ikkje tilstrekkeleg klart fram korleis retten ved straffutmålingen kom til at det kunne leggjast vekt på beløpet på 228 044 kroner som gjekk tapt ved aksjehandel. Lagmannsrettsdommen må då opphevast. Utvalet viser til straffeprosesslova § 323 tredje ledd bokstav a og Rt. 2013 side 1233.
- (10) Lagmannsretten vil ved ei ny prøving også måtte behandle dei andre spørsmåla som domfelte har gått inn på i anken til Høgsterett. Utvalet går derfor ikkje inn på den prøvinga som elles måtte skje i ei sak der domfelte er frifunnen i tingretten men domfelt i lagmannsretten, jf. straffeprosesslova § 323 første ledd tredje punktum.
- (11) Dommen er samrøystes.

DOMSSLUTNING :

Lagmannsrettsdommen blir oppheva.

Ingse Stabel
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Toril M. Øie
(sign.)

Rett utskrift: